



MF Fedje går no i Karibien

Ferja FEDJE, bygd på Eidsvik skipsbyggeri for Bergen Nordhordland Rutelag (BNR) i 1970, går i rutefart i Karibien. Av mange byggenummer er dette den einaste ferja Eidsvik bygde. Ferja vart seinare forlengd.

MF FEDJE gjekk mange år i ferjefarten på Fedje. Det var eit verhardt samband. Difor vart ferja bygd med lukka baugport.

I periodar var FEDJE brukt som vikarferje i sambandet Gjermundshamn – Løfallstrand.

No finn vi ferja i St. Vincent i sambandet på Union Island og Canouan,- eit lite øysamfunn som faktisk er ein eigen stat.

Ferja ser ut til å vera i god stand og byggenummeret er på plass.



Byggenummerplata på MF Fedje

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Foto: Harald Sætre/ pressefoto
Nett: Thor Inge Døssland